

Vinteren nærmar seg.

Så er helleristningsfeltet dekket av presenningar igjen, innkjøpt av Riksantikvaren. Lars Sæverhagen, Johan Urheim og Toralv Alsaker var på plass då Fylkeskommunen sine ansvarlege for slike felt møtte opp i veke 42 for å overvaka arbeidet. Arkeolog Kjersti Vevatne

var fornøgd med feltet slik som det er no, stilt av frivillige i Herand.

Når dei fyrste turistane kjem om våren, så vert me kvart år minna på at det er på tide å få bort presenningane igjen.

Tyske og nederlandske turistar viser interesse for ristningane saman med norske spesielt interesserte, og dei blir gjerne på feltet i fleire timar. Då er det godt at me har fått ei sitjegruppe i Solesnesstein plassert på ein oversiktleg plass.

Tekst og foto Dan Danielsen



Arkeolog Kjersti Vevatne, Johan Urheim, Lars Sæverhagen, Toralv Alsaker.

